

# Årsmelding for Austrheim Landbrukskvinnelag for 2022

Årsmøtet for 2021 vart halde i Kilstaumen 15.03.2022.

Vi har dette året hatt 4 styremøter , i tillegg til ein del små «styremøter» i forkant av møter i styringsgruppa for Landbruksdagen.

Vi inviterte til pølsekjurs 12.mars i Øksneset grendahus, men det var dessverre for få påmeldte til at kurset vart gjennomført.

29.november hadde vi kakemann-baking med medlemmer /familie. Dette var ein triveleg kveld for store og små.

Det var endeleg mulig å arrangere Landbruksdagen igjen etter pandemien, og den var lørdag 24.september i og ved Austrheimhallen. Dette er eit samarbeid med Austrheim Sau og geit Radøy Sau og geit Vi var ganske spente kor mange besökande som kom, men truleg kom det minst like mange som før pandemien.

Arbeidet med Landbruksdagen tek mykje tid og krefter. For at vi skal få til dette arrangementet, er avgjerande for oss at vi har mange frivillige som kan gjere dugnad.

Svært overraskande og kjekt var det at Austrheim Landbrukskvinnelag på Landbruksdagen vart tildelt Austrheim kommune sin kulturpris for 2022.

Landbrukskvinnelaget har ein representant og ein vararepresentant i Landbruksfagrådet.

Laget har no 9 medlemar.

Styret har vore slik:

Leiar: Svanhild Vadøy Neteland

Kasserar: Linda Syslak

Sekretær: Ann Kristin S. Rosendahl

Vararepresentant: Lise Renate Helle

Vi set eigne fotefar!!

